



Vegvisar Valen

2008



Valøyo

Valøya eller **Valøyo** som det heiter lokalt, er den vakre halvøya som kransar flomålet, bunde saman av eidet mellom Søre- og Norde-Vågen. Inste Valøyo grensar mot eidet med Øyagarden, den gamle steingarden som skiljer Valøya frå eidet.

Kan henda er det tilhøva på Valøya som har gitt bygda namnet Valen. Frå den tida då sjøen stod noko høgare og ein kunne vassa over eida mellom holmane Namnegranskaren Rygh har ei slik tolkning.

Kr20

Utgjeven av Valestiftinga 2008
Inntekta går til tilrettelegging av turstiar i nærområdet

Valøyo

Klau , Kausnesvikjo og Maravikjo

er stadnamn på sørsida av Valøyo.

Her er det ikkje stiar og allferdsveg, men flotte stader for bading, fiske og andre opplevingar om ein tar turen langs dei berglendte strendene.



Verket

På 16- og 1700 talet vart det drive Teglverk på Valøyo. Ruinane av verkshuset og ovnen viser godt igjen i terrenget.

Johannesholmen

Johannes Lauritson Galte som budde på Valøyo og hadde sag på Valø i 1560 og 70-åra, har truleg gitt namn til Johannesholmen. Buplassen hans låg truleg rett innanfor holmen.



Blekkberget ligg tvers over frå

”Gamla Sago”. Truleg har namnet noko med barking av not og garn å gjera. Det sto eit nothus her som vart rive i 1940-åra.



Mjelkebryggjo er ei kistebryggje tvers over for Valekaien. Herfrå vart mjølka transportert med båt over til Valekaien når buskopen var på sommarbeite på Valøya.



Hatlanaset ligg heilt Nord på Valøyo.

”**Stupebrettet**” er tilrettelagt badeplass i Holmsund. Ein flott stad for heile familien.

Båtbygging på Valøya

D/S Skulda vart bygd på Valøya i 1891. Byggherre var Johs Hauge i Haugesund. Dampskipet var på 1000 Brt. Lengde: 156 ft, Bredda: 24,8 ft og djupna: 14,8 ft. Byggestad på Valøya: Truleg på austsida av Johannesholmen.



Ystøyo

Holmsundskanalen i Nord-Aust skil Ystøyo frå Valøyo. På Ystøyo finn du Kvalsnes i Nord og Ystøytåo og ”Guro Titteltau” i Sør. Galten i Vest. Svartaberget og Otraholo i Aust.

Indianarhidleren ligg like ovafor Holmsund. Her er det eit lite fjelloverheng med urdar som danna holer under hidleren. Truleg gammal buplass og ein ynda leikeplass for ungar i mange generasjonar.

Ystøytoppen

Her vart det etter krigen sett opp ein varde og ei flagstong som markering av frigjeringa. Turmål hit gjer det aktuelt med ny tilrettelegging på eit flott utsiktspunkt.

Gamle graver

Tradisjonane seier at det er gamle graver på Ystøyo. Desse er ikkje registrerte og heller ikkje stadfesta. I området over Indianarhidleren mot sør, har det vore hevda at ein har funne merkjer som kan underbyggja folketradisjonen. Under Kolerafarangen i 1840-åra vart det sett av Koleragravplass på Valøya, men den vart aldri teken i bruk.

Galten

Heilt vest i flomålet på Ystøyo ligg det ein stor stein som vert kalla Galten. På berget innafor vart det sett opp lysstake som vart tent når rutebåten var venta til Valekaien.